

---

**Fra:** Merethe Tvedt  
**Sendt:** 4. mai 2016 14:21  
**Til:** 'audun@munnhola.no'  
**Emne:** Byggetiltak på gbnr 23/288

Hei Audun Håland,

Eg er sakshandsamar på din byggesak om riving av eksisterande bod på 13 m2 og oppføring av ny garasje på 26 m2 på gbnr 23/288.

Eigedommen din er gjennom reguleringsplanen for industriområde Mjåtveit/Frekhaugmarka regulert til bustadhus med tilhøyrande garasje.

På eigedommen din regulert inn ei byggegrense mot veg på 2 meter, kartet som er innsendt er ikkje heilt i målestokk. Men slik eg ser det vil du ikkje kome i konflikt med byggegrense mot veg.

Dersom du ikkje kjem i konflikt med byggegrensa, er tiltaket du søker om unntatt søknadsplikt (både riving og oppføring) etter Plan- og bygningslova (PBL) § 20-5, og du kan gå i gang med tiltaket.

Vedlagt ligg veileidar for når garasje er unntatt søknadsplikt:

<http://dibk.no/globalassets/bygg-uten-a-soke/informasjonsblader/hva-skal-vare-i-orden-for-at-du-skal-kunne-bygge-garasje-eller-sma-tilbygg-uten-a-soke.pdf>

Før du går i gang med tiltaket ber eg deg om ei tilbakemelding om garasjen blir plassert utanfor byggegrense mot veg.

Men venleg helsing

Merethe Tvedt  
Byggesakskonsulent  
Meland kommune  
e-post: [merethe.tvedt@meland.kommune.no](mailto:merethe.tvedt@meland.kommune.no)

